

Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

Grunnleggande informasjon	Rapporteringseinin <u>g</u>	Nettstad	Rapporteringsdato	Rapporteringsperiode
	Ulstein Group ASA, org. nr. 980 489 876	https://ulstein.com/	29.05.2026	01.01.2025 - 31.12.2025
A1. Generell beskriving av verksemda sin struktur og aktivitetsområde				
Om Ulstein Group				
Eigarstruktur (% eigardel)	Ulstein Group ASA ("Ulstein") er eit allmennaksjeselskap eigd av ca. 600 aksjonærar. Ulsmo AS eig i dag 64,2% av aksjane og dei 593 andre aksjonærarane eig dei resterande 35,8% av aksjane. Ei fullstendig oversikt over dei, til ei kvar tid, største aksjonærarane finst på https://proff.no/ .			
Forretningsområde og dotterselskap	<p>Ulstein og dotterselskapa som definert i regnskapslova § 1-3 ("Ulstein Group") er omfatta av denne rapporten. Av dotterselskapa er Ulstein Design & Solutions AS, Ulstein Power & Control AS, Ulstein Elektro Installasjon AS og Ulstein Verft AS direkte rapporteringspliktige i tillegg til Ulstein. Desse publiserer egne rapportar, sjå lenke nedanfor.</p> <p>Ulstein Group er organisert i følgjande forretningsområde:</p> <p>Forretningsområdet Design & Solutions: Ulstein Design & Solutions AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Design & Solutions BV, Nederland inkl. Ulstein Design & Solutions BV og Ulstein Advanced Analysis Ulstein Power & Control AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Poland Ltd. Sp. Z.O.O., Polen Ulstein Marine Systems (Shanghai) Co. Ltd., Kina Ulstein Marine Equipment (Ningbo) Co. Ltd., Kina Ulstein Electrical Technology (Ningbo) Co. Ltd., Kina</p> <p>Forretningsområdet Shipbuilding: Ulstein Verft AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Elektro Installasjon AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein)</p> <p>Analyse og forskning: Ulstein International AS, Norge Ulstein Digital AS, Norge</p> <p>Styring- og kontrollsystem: Blue Ctrl AS, Norge</p>			
Produkt/tenester	<p>Ulstein Group vart grunnlagd i 1917 og har hovudkontor i Ulsteinvik, Norge. Ulstein Group er eit konsern som består av fleire verksemdar som opererer i den maritime næringa. Ulstein Group tilbyr eit breitt spekter av produkt, tenester og service, inkludert skipsdesign, skipsbygging, kraftpakkar og styringssystem og ettermarknad og service over heile verda.</p> <p>Ulstein Group sin visjon er å skape morgondagens løysingar for berekraftige marine operasjonar.</p> <p>Ulstein Group sine største marknader er Europa, Nord-Amerika og Sørøst-Asia. Fordelinga mellom dei ulike forretningsområda når det gjeld omsetning per 31.12.2025, er som følgjer: Skipsbygging (91%) Design & Solutions (10%) og annet (-1%). Ulstein Group sine aktivitetar er størst i Norge og Europa, med høvesvis 61% og 87% av aktiviteten der i 2025.</p>			
Ulstein Groups leverandørkjede				
Eiga verksemd og direkteleverandørar (førsteledds leverandørar)	<p><u>Eiga verksemd:</u></p> <p>Ulstein Group har 14 heileigde dotterselskap (own operations) i 4 land og 10 industiar: Norge (64%), Kina (21%), Nederland (7%), Polen (7%).</p> <p><u>Leverandørkjede:</u></p> <p>Ulstein Group har 568 direkteleverandørar (Tier-1) i 20 land og 46 bransjar:</p> <p>(a) Norge (61 %), Nederland (12%), Polen (10%), Kina (5%), Sverige (1%), Storbritannia (1%), Tyskland (1%), Danmark (1%), Japan (1%) og resterande 11 land (<1%).</p> <p>(b) Detaljhandel og engros (14%), Bilindustri (8%), Finans- og forsikringstenester (7%), Maskinar og utstyr (7%), Skipsbygging (4%), Bygg og anlegg (4%), Luftfart (4%), Elektronikk (3%), IT/programvare (2%), Møblar (2%), Kjemikaliar (2%), Jernbane- og andre transportmiddel (2%), Forsvar (2%), Medisinsk teknologi (2%), Metall, mineral (2%), Utleige av utstyr (1%), Konsulenttenester (1%), Anleggsverksemd (1%), Hotell- og overnatting (1%), Transport, logistikk (1%), Telekommunikasjon (1%), Datamaskinar (1%), Forsyningsselskap (1%) og resterande 22 bransjar (<1%).</p>			

	Indirekte leverandører (frå og med andreledds leverandører)	<p><u>Indirekte leverandører:</u></p> <p>Ulstein Group har hittil identifisert ca. 4856 indirekte leverandører (Tier-N) i 48 land og 47 bransjar.</p> <p>(a) Tyskland (45%), Kina (7%), Norge (4%), Italia (3%), Frankrike (2%), Vietnam (2%), Tsjekkia (2%), USA (2%), Nederland (2%), Sveits (2%), Polen (2%), Østerrike (2%), Singapore (2%), India (2%), Belgia (1%), Spania (1%), Sør-Korea (1%), Storbritannia (1%), Slovakia (1%), mens resterande 29 land <1%.</p> <p>(b) Detaljhandel og engros (13%), bilindustri (10%), finans- og forsikringstenester (9%), maskinar og utstyr (7%), luftfart (5%), elektronikk (4%), kjemikalier (4%), møblar (3%), metall og mineral (3%), bygg og anlegg (3%), skipsbygging (2%), jernbane- og annet transportutstyr (2%), Hotell- og overnatting (1%), IT/programvare (1%), medisinsk teknologi (1%), forsvar (1%), transport og logistikk (1%), plast og gummi (1%), utleie av utstyr (1%), datamaskinar (1%), telekommunikasjon (1%), konsulenttenester (1%), anleggsverksemd (1%), forsyningssekskap (1%) og resterande 22 bransjar (<1%).</p>
--	---	---

A2. Generell beskriving av retningslinjer og prosedyrar for handtering av faktiske og potensielle skadeverknader

	Identifisering og vurdering av negative konsekvensar	<p>Ulstein Group respekterer internasjonalt anerkjende menneskerettar og arbeider for å fremje respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i våre verdikjeder. Vi støttar internasjonalt anerkjende menneske- og arbeidstakarrettar. Dette omfattar mellom anna Verdserklæringa om menneskerettar, FNs konvensjonar om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar samt om sivile og politiske rettar og ILOs kjernekonvensjonar om grunnleggande rettar og prinsipp i arbeidslivet. Vi støttar vidare OECDs retningslinjer for fleimasjonale selskap og den norske openheitslova. På denne bakgrunn har vi gjennomført systematiske aktsemdsvurderingar for å identifisere faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein Group si verksemd. I tillegg til manuelle og digitale rutinar og prosessar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar, nyttar vi eit digitalt system for gjennomføring av risikovurderingar og overvaking av moglege negative konsekvensar av vår verksemd og for å handtere eventuelle funn gjennom iverksetting av risikoreduserande og avbøtande tiltak i samsvar med openheitslova.</p> <p>Ulstein Group sine etiske retningslinjer og rutinar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar og oppfølging av vilkåra i openheitslova er vedtatt av styret og gjeld alle selskap i konsernet. Ansvaret for den operasjonelle oppfølginga av openheitslova er tydeleg plassert i verksemda og det blir rapportert til styret minst ein gong per år. Konsernsjef har det overordna administrative ansvaret for oppfølging av openheitslova i Ulstein Group. Leiar for innkjøpsavdelinga har det overordna operasjonelle ansvaret for implementering og oppfølging av aktsemdsvurderingar i tråd med openheitslova, leiar for kommunikasjonsavdelinga har overordna operasjonelt ansvar for handtering av informasjonsførespurnader, og leiar for juridisk avdeling har det overordna operasjonelle ansvaret for utarbeiding av årlege rapportar etter openheitslova og rapportering til styret i Ulstein.</p> <p>Aktsemdsvurderingane er risikobaserte i tråd med OECD sine retningslinjer og omfattar eiga verksemd, leverandørkjeda og relevante forretningspartnarar. Kartlegginga er gjennomført ved bruk av interne kontrollmekanisamar, tredjepartsrevisjonar og eit digitalt system for risikovurdering og overvaking av leverandørkjeder, basert på både informasjon frå leverandører og offentleg tilgjengelege kjelder. Dette inkluderer bruk av eksterne indeksar som World Justice Project (WJP), Rule of Law Index® og ITUC Global Rights Index for vurdering av geografisk og strukturell risiko.</p> <p>Informasjonsinnhentinga inkluderer bl.a. risikofaktorar knytt til land og industri, og finansielle og miljømessige risikoaspekt knytt til dei aktuelle verksemdene sin aktivitet. Informasjonsinnhentinga omfattar 2025 og tek sikte på å identifisere alvorsgrad og sannsynlegheit for faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som Ulstein Group anten har forårsaka eller bidrege til. Basert på ulike faktorar, som til dømes styringssystem, cyberrisiko, operasjonelle stressfaktorar, juridiske stressfaktorar, industriulukker, politisk uro, strategisk utvikling, økonomisk stress, CSR, humanitære kriser og arbeidskonfliktar, får kvar leverandør ein score frå 0 til 100, der 100 representerer ingen oppdaga eller forventa risiko, og 0 viser at kritisk risiko er oppdaga. Ulstein Group vurderer leverandører med risikoscore lågare enn 65 som høgrisikoleverandører. Den enkelte leverandør sin risikoscore blir samanhalde med Ulstein Group si moglegheit for innverknad på den relevante leverandøren, noko som vert vurdert, bl.a. på grunnlag av Ulstein Group sine årlege innkjøp sett i forhold til den aktuelle leverandørens totale årlege omsetnad. Val av leverandører og iverksetting av eventuelle risikoreduserande- og/eller avbøtande tiltak blir gjort etter ei konkret vurdering av risikograd og prioritering basert på vår moglegheit for påverknad.</p> <p>I kartlegginga av risiko knytt til grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold har vi mellom anna fokusert på følgande kategoriar: personskade og alvorlege HMS-hendingar, manglande etterleving av arbeidstidsreglar, utilstrekkelege løns- og arbeidsvilkår, avgrensing av organisasjonsfridom og kollektive rettar, utnytting av barn, barnearbeid, diskriminering, tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting, og leveløn.</p> <p>Basert på risikokartlegginga er det gjort ei prioritering basert på alvorsgrad og sannsynlegheit samt Ulstein si tilknytting til den aktuelle risikoen. Basert på dette er det gjort ei meir detaljert risikovurdering med utfall som angitt nedanfor.</p> <p>Dei mest relevante risikoane i eiga verksemd er risiko for personskade og alvorlege HMS-hendingar ved arbeid om bord i skip, risiko knytt til arbeid nær energisette system, risiko knytt til arbeid i tronge rom, høgder og område med avgrensa røyming eller ventilasjon samt risiko for overdriven overtid og høgt arbeidspress som følgje av stramme prosjektfristar og sekvansavhengig framdrift i skipsbyggingsprosjekt.</p> <p>Den samla analysen viser at Ulstein Group opererer i ein global og fragmentert verdikjeda der risiko for brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i stor grad blir påverka av strukturelle forhold utanfor eigen direkte kontroll. Utviklinga internasjonalt peikar på ei svekking av rettsstat, redusert tilgang til rettsvern og avgrensingar i arbeidstakarrettar i eit aukande tal jurisdiksjonar. Dette aukar risikoen for brot på mellom anna organisasjonsfridom, kollektive rettar og forsvarlege arbeidsvilkår, særleg i leverandørkjeder som strekk seg over fleire land.</p> <p>Bransjerisikoen i skipsbyggings- og maritim sektor er knytt til kombinasjonen av global leverandørstruktur, omfattande bruk</p>
--	--	--

		<p>av innleigd og migrantbasert arbeidskraft og aktivitetar med høg HMS-eksponering. Dette inneber særleg risiko for alvorlege negative konsekvensar, inkludert arbeidsulukker, skade og dødsfall, mangelfullt helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid, samt utilstrekkelege løns- og arbeidsvilkår. Det er også identifisert risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting knytt til rekrutteringspraksisar og bruk av tredjeparts arbeidskraft.</p> <p>Den geografiske risikoen varierer betydeleg mellom jurisdiksjonar og er tett knytt til kor godt myndigheitene handhevar lover og reglar, nivået av korrupsjon og kor sterkt arbeidstakarrettane er verna. I enkelte land med svak rettsstat og avgrensa arbeidstakarvern er det identifisert auka risiko for diskriminering, tvangsarbeid, avgrensingar i organisasjonsfridom og manglande tilgang til effektive klagemekanismar. Størsteparten av Ulstein Group si direkte leverandørkjede er lokalisert i land med godt utvikla rettsvern og etablerte system for arbeidstakarrettar, som bidreg til å redusere risikoen i delar av verdikjeda. Tenestepesifikk risiko er knytt til manglande synlegheit og kontroll i leverandørkjeda, særleg i tidlege ledd som omfattar produksjon av råvarer og komponentar, særskilt stål, metall og elektroniske komponentar. Desse ledda er ofte geografisk spreidde og kan vere knytt til sektorar med kjend risiko for barnearbeid, tvangsarbeid, lønstjuveri og manglande leveløn, utilstrekkeleg HMS-vern og eksponering for skadelege stoff. Kompleksitet i kontraktsstruktur og fleire underleverandørnivå aukar risikoen for at slike forhold ikkje blir avdekte.</p> <p>Aktsemdvurderingane omfattar også etterfølgande ledd, inkludert kundar og samarbeidspartar. Risikoen i desse ledda kan særleg vere knytt til brot på arbeidstakarrettar, manglande etterleving av menneskerettar og eksponering mot andre risikoar som korrupsjon, sanksjonar og kvitvasking. Vår analyse viser at dei mest vesentlege risikoområda for Ulstein Group er knytt til personskade og alvorlege HMS-hendingar, manglande etterleving av arbeidstidsreglar, utilstrekkelege løns- og arbeidsvilkår, avgrensing av organisasjonsfridom og kollektive rettar hos leverandørar samt risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting og barnearbeid i tidlege ledd av leverandørkjeda. Desse risikoområda er prioriterte basert på ein samla vurdering av alvorsgrad og sannsynlegheit, og dannar grunnlaget for vidare oppfølging og risikoreduserande tiltak.</p>
	<p>Implementering av eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte negative konsekvensar</p>	<p>Eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte faktiske negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og kan typisk omfatte tiltak som å utarbeide og implementere korrigerande handlingsplanar, initiere leverandørsamarbeid og bransjesamarbeid. Dei aktuelle tiltaka vert valde ut frå ei kombinert vurdering av alvorsgrad, eige bidrag og i kva grad vi har moglegheit for å påverke faktisk utbetring av den aktuelle situasjonen.</p> <p>Eigna tiltak for å redusere vesentleg risiko og forhindre negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og vil typisk omfatte førebyggjande tiltak som avtalerettslege forpliktingar (plikt til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners"), risikobaserte kontrolltiltak (vurderingar, revisjonar, medieovervaking osv.) og kapasitetsbyggjande tiltak (opplæring, dilemmatrening, leverandørens gjensvar og forplikta til å følge "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" og implementere tilsvarande krav og forsvarlege prosedyrar for oppfølging av desse i si eiga leverandørkjede. Vidare har vi implementert konkrete tiltak for å sikre etterleving av krava i våre etiske retningslinjer. Dette inkluderer bl.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom aktsemdvurderingar identifiserast risikoar som kan forårsake eller bidra til negative innverknader på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold gjennom Ulstein Group sine egne aktivitetar og adressere slike konsekvensar når dei oppstår • Gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre at identifiserte risikoar materialiserer seg • Søke å avbøte negative innverknader for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er direkte knytte til Ulstein Group si verksemd eller som nokon av forretningspartnarane har bidratt til gjennom oppdrag for Ulstein Group • Vurdere, overvake og rapportere om framdrift og resultat
	<p>Retningslinjer og rutinar</p>	<p>Hovudprinsippa for å ivareta internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er innarbeidd i Ulstein Group sine etiske retningslinjer som er godkjent av styret i Ulstein og gjeld for alle selskapa i konsernet. Ulstein Group sine retningslinjer og prosedyrar inkluderer mellom anna følgjande dokument:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etiske retningslinjer for Ulstein Group • Etiske retningslinjer for Ulstein Group sine forretningspartnarar • Retningslinjer om arbeidsgjevarar si plikt til å kontrollere løns- og arbeidsvilkår (påsja-plikt) • HMS-reglar • Retningslinjer for varsling • Retningslinjer for gjennomføring av aktsemdvurderingar <p>Ulstein Group sine retningslinjer og prosedyrar er implementert og blir jamleg oppdaterte for å sikre at prinsippa i dei etiske retningslinjene blir nytta og følgt opp internt i Ulstein Group, samt overfor leverandørar og forretningspartnarar der det er relevant. Våre retningslinjer og rutinar er tilgjengeleg digitalt for våre tilsette og blir formidla til våre samarbeidspartar der dette er relevant. Det blir gitt opplæring til våre tilsette i relevante tema i tråd med Ulstein Group sitt Compliance-program. Alle Ulstein Group sine direkteleverandørar er forplikta til å følge "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" og implementere tilsvarande krav og forsvarlege prosedyrar for oppfølging av desse i si eiga leverandørkjede. Vidare har vi implementert konkrete tiltak for å sikre etterleving av krava i våre etiske retningslinjer. Dette inkluderer bl.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom aktsemdvurderingar identifiserast risikoar som kan forårsake eller bidra til negative innverknader på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold gjennom Ulstein Group sine egne aktivitetar og adressere slike konsekvensar når dei oppstår • Gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre at identifiserte risikoar materialiserer seg • Søke å avbøte negative innverknader for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er direkte knytte til Ulstein Group si verksemd eller som nokon av forretningspartnarane har bidratt til gjennom oppdrag for Ulstein Group • Vurdere, overvake og rapportere om framdrift og resultat <p>Som medlem av UN Global Compact (UNGC) sidan 2013, rapporterer Ulstein Group årleg på UNGC sine ti prinsipp innan områda menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og anti-korrupsjon. Det blir også utarbeidd ein eigen ESG-rapport.</p>
	<p>Kanalar for openheit/varsling</p>	<p>Vi oppmodar til openheit og legg til rette for både intern og ekstern varsling gjennom fleire kanalar:</p> <p>etikkk@ulstein.com og telefon +47 954 43 335 (24-timars service)</p> <p>openheitslova@ulstein.com (https://ulstein.com/transparency-act)</p>

B1. Informasjon om faktiske negative konsekvensar som er identifiserte		
Talet på faktiske identifiserte negative konsekvensar		
	Grunnleggande menneskerettar	Anstendige arbeidsforhold
Eiga verksemd	0	17
Direkteleverandørar	0	0
Indirekte leverandørar	(29)*	(6)*
Beskriving av faktiske negative konsekvensar som er identifiserte		
Seksjon B Negative konsekvensar identifisert	Eiga verksemd	<p>Det er identifisert 17 faktiske negative konsekvensar for anstendige arbeidsforhold i selskap i Ulstein Group i rapporteringsperioden. Dei faktiske negative konsekvensane som er avdekte gjennom aktsemdvurderingar i eiga verksemd er knytt til overtidsarbeid utover det Arbeidsmiljølova tillèt og manglande etterleving av rutinar for å hindre dette. Den manglande avgrensinga av overtidsbruk har medført uheldige belastningar for enkelte arbeidstakarar, mellom anna i form av auka arbeidspress, redusert moglegheit for fritid og tilstrekkeleg kvile.</p> <p>Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar i eiga verksemd i rapporteringsperioden.</p>
	Direkteleverandørar	<p>Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som direkte er knytt til Ulstein Group si forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre direkteleverandørar i rapporteringsperioden.</p>
	Indirekte leverandørar	<p>Gjennom kartlegginga av Ulstein Group sine 4856 identifiserte indirekte leverandørar, er det identifisert 35 moglege avvik knytt til grunnleggande menneskerettar og/eller anstendige arbeidsforhold som er knytt til våre indirekte leverandørar. Dei identifiserte avvika er baserte på kartlegging av forhold i Ulstein Group si leverandørkjede og er ikkje stadfesta som faktiske negative konsekvensar som er direkte knytte til Ulstein Group si verksemd. Dei identifiserte avvika er registrert gjennom Ulstein Group sine direkteleverandørar i Norge, Nederland, Polen, Kina og Sverige, men gjeld forhold lenger nede i leverandørkjeder til store internasjonale selskap med auka risiko for menneskerettsbrot og brot på anstendige arbeidsforhold, spesifikt risiko for tvangsarbeid, overdriven bruk av overtid, ulukker og eksponering for giftige kjemikalier.</p> <p>* Det er førebels ikkje identifisert haldepunkt for at desse avvika er direkte knytt til Ulstein Group si forretningsverksemd, produkt eller tenester, men kartleggingsarbeidet held fram. Det er imidlertid ei generell og vesentleg utfordring ved denne typen kartlegging å kunne verifisere slik tilknytning, ettersom funna byggjer på tredjepartsinformasjon, og avvika i all hovudsak gjeld forhold langt nede i komplekse, internasjonale leverandørkjeder knytt til produksjon av store, avanserte system og utstyrskomponentar.</p> <p>Med det omfang av indirekte leverandørar som er i Ulstein Group si leverandørkjede og talet på varsel knytt til risiko for negative konsekvensar, er vi bevisste på at dette kan gi eit urealistisk bilete av den reelle situasjonen, og at sjansen er stor for fleire faktiske negative konsekvensar hos våre indirekte leverandørar som per i dag ikkje er identifisert. Ulstein Group arbeider med å stadig få betre oversikt over dette og oppfølging av relevante leverandørar, samt styrking av arbeidet med ansvarleg innkjøp og val av leverandørar på tvers av heile leverandørnettverket.</p>
B2. Informasjon om vesentleg risiko for negative konsekvensar som er identifiserte		
Seksjon B Negative konsekvensar identifisert	Eiga verksemd	<p>Ulstein Group har etablerte rutinar, retningslinjer og kontrollmekanismer for å sikre etterleving av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd. Aktsemdvurderingane viser at den vesentlege risikoen i eiga verksemd i hovudsak er knytt til operasjonelle forhold i skipsbyggingsbransjen, særleg risiko for personskade og alvorlege helse-, miljø- og sikkerheitshendingar i samband med arbeid med høg risiko. Arbeidet i eiga verksemd skjer i stor grad i eit verftsmiljø med samtidige operasjonar, stramme prosjektfristar og HMS-eksponering knytt til arbeid i tronge rom, fallfare og eksponering for støy og kjemikalier.</p> <p>Vidare er det identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til arbeidsmiljøforhold, herunder mobbing og trakassering samt risiko for overdriven bruk av overtid som følgje av stramme prosjektfristar, dersom ikkje eksisterande tiltak blir vidareført og styrka.</p>
	Direkteleverandørar	<p>Analysen av Ulstein Group sine direkteleverandørar viser at dei mest vesentlege risikoområda er knytt til brot på grunnleggande arbeidstakarrettar og krav til anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda. Dette omfattar særleg risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting, diskriminering, manglande etterleving av krav til løns- og arbeidsvilkår samt utilstrekkeleg helse-, miljø og sikkerheitsarbeid.</p> <p>Risikoen er særleg knytt til leverandørar i bransjar med høg operasjonell risiko, som skipsbygging, konstruksjon, transport og logistikk, maskinar og utstyr samt metall og mineral. I tillegg er det identifisert risiko knytt til avgrensa organisasjonsfridom og rett til kollektive forhandlingar i enkelte jurisdiksjonar, særleg i land med svak rettsstat og redusert arbeidstakarvern, som Kina og Polen.</p> <p>Vidare omfattar risikoen forhold som overdriven bruk av overtid, mangelfull timeregistrering og utilstrekkelege verne- og tryggingmekanismer for arbeidstakarar også i land med generelt godt rettsvern, som til dømes Norge og Nederland.</p>

		<p>Særskilt ser vi høg risiko i Kina for negative konsekvensar knytt til arbeidstakarrettar og menneskerettar, herunder avgrensa organisasjonsfridom og risiko for tvangsarbeid. I tillegg viser våre analysar auka risiko for arbeidsulukker og -skadar, samt industrielle dødsfall. Det er vidare identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til overvaking og personvern.</p> <p>Ulstein Group vil halde fram med å prioritere oppfølging av desse risikoområda basert på ein kombinasjon av alvorgrad og sannsynlegheit, og sikre at våre leverandørar etterlever gjeldande krav til menneskerettar og arbeidstakarrettar.</p>		
	Indirekte leverandørar	<p>Analysane av Ulstein Group sine indirekte leverandørar viser at vesentleg risiko i verdikjeda i hovudsak oppstår i ledd lenger ned i leverandørkjeda, der synlegheit og påverknad er meir avgrensa.</p> <p>Identifiserte risikoområde samsvarar med dei overordna funna som er gjort greie for i A2 og er særleg knytt til risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting, manglande etterleving av krav til løns- og arbeidsvilkår, barnarbeid i tidlege ledd av verdikjeda samt alvorlege HMS-relaterte hendingar, inkludert ulykker, skade og eksponering for skadelege stoff.</p> <p>Geografisk er risikoen særleg knytt til leverandørkjeder som involverer jurisdiksjonar med svak rettsstat, avgrensa arbeidstakarrettar og manglande effektiv handheving av regelverk. Samstundes viser analysen at risiko også kan oppstå i høgrisikobransjar i land med etablert rettsvern, særleg knytt til arbeidsmiljø og arbeidsvilkår.</p> <p>I rapporteringsperioden er det kome 161 varslar knytt til vesentleg risiko for negative konsekvensar for menneskerettar og 17 knytt til vesentleg risiko for negative konsekvensar for anstendige arbeidsforhold. Risikoen knytt til menneskerettar fordeler seg slik: Norge (101), Nederland (35), Polen (17), Sverige (8). Risikoen knytt til anstendige arbeidsforhold fordeler seg slik: Polen (9), Norge (6) og Nederland (2). Risikoen er avdekt gjennom overvaking av Ulstein Group sine direkteleverandørar og gjeld i all hovudsak indirekte leverandørar fleire ledd ned i internasjonale verdikjeder. Omfanget av leverandørkjeda og talet på identifiserte varsel indikerer at risikoen er strukturell, og at det er sannsynleg at ytterlegare negative konsekvensar kan vere til stades utan å vere identifiserte.</p> <p>Gjennom aktsemdvurderingar er det identifisert potensielle tilfelle av tvangsarbeid hos ein av våre kinesiske dotterselskap sine underleverandørar i Kina. Dette er identifisert på basis av eksterne risikovurderingar og opne kjelder og er førebels ikkje stadfesta. Det er uklart kor vidt desse potensielle tilfella er direkte knytt til Ulstein Group si forretningsverksemd, produkt eller tenester, men kartleggingsarbeidet held fram. Eigna oppfølgingstiltak vil bli vurdert i tråd med Ulstein Group sine retningslinjer.</p> <p>Det er vidare identifisert mogelege negative konsekvensar knytt til arbeidsmiljø og eksponering for helsefarlege stoff hos enkelte internasjonale leverandørmiljø. Det er uklart kor vidt desse påståtte tilfella er direkte knytt til Ulstein Group si forretningsverksemd, produkt eller tenester, men kartleggingsarbeidet held fram. Ulstein Group følgjer utviklinga og stiller krav til leverandørar om etterleving av gjeldande HMS-standardar.</p> <p>Ulstein Group vil arbeide vidare med kartlegging, prioritering og oppfølging av risiko i dei mest utsette delane av leverandørkjeda, med særleg fokus på dei risikoområda som er identifiserte som mest vesentlege.</p>		
C1. Tiltak som er planlagt/sett i verk for å stanse faktiske negative konsekvensar				
Seksjon C Tiltak	<i>Type tiltak</i>	<i>Beskriving</i>	<i>Eiga verksemd</i>	<i>Leverandørar</i>
	Informasjon frå leverandør	Etterspørje informasjon om faktiske negative konsekvensar og status for utbetring	N/A	N/A
	Korrigerande handlingsplan	Korrigerande handlingsplan	Ja	N/A
	Interessentengasjement	Engasjement og dialog med relevante interessentar	Ja	N/A
	Leverandørengasjement	Gjennomføring av arbeidarundersøkingar, etablering av klagemekanismar	N/A	N/A
	Bransjesamarbeid	Samarbeid med bransjekollegaer for felles utbetring med auka påverknad	N/A	N/A
	Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	Ja	N/A
	Dilemmatrening	Gjennomføring av opplæring for arbeidarar og/eller leiing for bevisstgjerig	Ja	N/A
	Beskriving av resultat eller forventa resultat			
<p>Dei avdekte funna knytt til overtidsarbeid utover det Arbeidsmiljølova tillèt blei avdekt etter kontrollar av timeregistreringar i særleg utsette avdelingar. Det blei identifisert ved avdekking av ein feil i timeregistreringssystemet (kombinasjon av system og manuell registrering). Umiddelbare tiltak som mellombels overtidsstopp, kompenseringe kvileperiodar og omfordeling av arbeidsoppgåver i relevante avdelingar blei iverksett for å redusere risiko for uforsvarleg arbeidsbelastning og sikre etterleving av krav til anstendige arbeidsforhold. I tillegg blir det arbeid med å auke grunnbemanninga i utsette avdelingar og å forbetre ressursplanlegginga i prosjekt med stramme prosjektfristar. Fokus på etterleving av interne rutinar og varsling ved brot på desse er implementert i opplæringsmodular for aktuelle tilsette og leiarar. Effekten av tiltaka blir kontrollert gjennom regelmessig rapportering og revisjon av arbeidstidspraksis.</p> <p>I løpet av 2025 har Ulstein Group gjort framsteg i å forbetre oversikta over negative konsekvensar knytt til den direkte leverandørkjeda. Dette har</p>				

gitt oss betre grunnlag for å kunne identifisere faktiske negative konsekvensar i store delar av den indirekte (Tier-N) leverandørkjeda vår. Basert på varsel frå vårt digitale system for risikovurdering og overvaking knytt til moglege faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede, har vi etterspurt konkret informasjon frå fleire direkteleverandørar for å kunne vurdere om aktuelle funn er direkte knytt til Ulstein Group si verksemd.

Eksempel på tiltak som er gjennomført:

- Leverandørensengasjement
- Internvurderingar

Ulstein Group vil fortsette å arbeide aktivt med å identifisere og iverksette tiltak for å stanse eller avgrense faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede.

Ulstein Group legg stor vekt på helse, miljø og sikkerheit som ein del av arbeidet med anstendige arbeidsforhold. Eit eksempel er Ulstein Elektro Installasjon (UEI), som per januar 2026 har oppnådd 1500 dagar utan skade med fråvær. Resultatet reflekterer eit kontinuerleg fokus på opplæring, gode rutinar og planlegging, samt ein sterk sikkerheitskultur der både tilsette og leiging tek ansvar for eit trygt arbeidsmiljø. Tilsvarande HMS-arbeid prioriterast i alle selskap i konsernet.

C2. Tiltak planlagt/sett i verk for å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar

Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemd	Leverandørar
Etiske retningslinjer	Skriftleg forplikting til å etterleve Ulstein Groups etiske retningslinjer	Ja	Ja
Vurdering av modenheit	Vurdere modenheitsnivået basert på offentleg tilgjengelege sertifiseringar og retningslinjer	Ja	Ja
Eigenvurdering	Eigenvurdering som vurderer modenheit av standardar, retningslinjer og sertifiseringar	Ja	Ja
Medieovervaking	Identifisering av negative varsel i offentlege medium ved bruk av kunstig intelligens	Ja	Ja
Opplæring	Gjennomføring av opplæring for arbeidarar og/eller leiging for bevisstgjering	Ja	Ja
Interessentengasjement	Engasjement og dialog med berørte interessentar	Ja	Ja
Leverandørensengasjement	Gjennomføre medarbeidarundersøkingar, og/eller etablere varslingsmekanismar hos leverandøren	Ja	Nei
Skrivebordsrevisjon	Skrivebordsrevisjon for å inspisere og kontrollere implementering av utbetringstiltak	Ja	Ja
Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	Ja	Ja

Beskriving av resultat eller forventa resultat

Eiga verksemd	<p>Gjennom stikkprøver og internrevisjonar i eiga verksemd, blir fokus på etterleving av Ulstein Group sine reglar og retningslinjer oppretthalde, og innleigde arbeidstakarar får auka kunnskap om og tillit til at Ulstein Group tar arbeidet med dette på alvor. I 2025 var det totalt tre (3) revisjonar i eiga verksemd, i tillegg til to (2) myndighetsrevisjonar. Samstundes utførte Ulstein Group tre (3) revisjonar eksternt.</p> <p>Gjennomførte revisjonar i eiga verksemd i 2025 inkluderer internrevisjonar samt revisjonar frå offentlege myndigheter og kundar, herunder mellom anna ISPS, systemsertifiseringsrevisjon frå DNV og revisjon av HSE-avdelinga ved Ulstein Verft AS.</p> <p>Stikkprøver og revisjonar aukar sjansen for at Ulstein Group blir varsla dersom det skulle førekome brot på retningslinjene i eiga verksemd, eller i vår leverandørkjede. Opplæring av eigne tilsette aukar kunnskapen om gjeldande reglar og retningslinjer og gjer at våre tilsette er betre rusta for å avdekke og varsle om eventuelle faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i vår leverandørkjede.</p> <p>Som førebyggjande tiltak er det vidare implementert eit etterlevingsprogram for å sikre at tilsette i Ulstein Group opptre i tråd med krava i våre etiske retningslinjer. Vårt etterlevings-program inkluderer regelmessig opplæring av tilsette og består av ein kombinasjon av digitale nano-læringsmodular og klasseromseansar. Opplæringa inkluderer mellom anna dilemmatrening og bevisstgjering innan tema som arbeidstakarrettar, mobbing og trakassering, diskriminering, varsling, HMS og anti-korrupsjon.</p> <p>For å redusere risikoen for negative konsekvensar hos leverandørar som utfører arbeid på Ulstein Group sitt verftsområde i Ulsteinvik, blir det utført stikkprøver og regelmessige undersøkingar i tråd med krav i "Forskrift om informasjons- og påsjåplikt og innsynsrett". Ulstein Verft AS har etablert prosedyrar for etterleving av påsjåplikta i praksis og har eit eige team dedikert til dette arbeidet.</p>
---------------	--

	Direkteleverandører	<p>Fleire førebyggjande tiltak er sett i verk for å redusere risikoen for negative konsekvensar i Ulstein Group si leverandørkjede. Det blir gjennomført adekvate aktsemdvurderingar av alle relevante leverandører, som står i forhold til identifisert risiko og Ulstein Group si mogelegheit for påverknad. Det blir gjort jamlege revisjonar av skrogleverandør(ar) og andre større direkteleverandørar etter behov. I 2025 vart det i samarbeid med Eksfin gjennomført ein risikobasert revisjon av vår skrogleverandør med hovudfokus på verksemdas etterleving av eigne interne retningslinjer og grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold for eigne tilsette og tilsette hos deira underleverandørar. Revisjonen blei gjennomført ved dokumentkontroll og fysisk inspeksjon på verftsområdet. Ingen vesentlege avvik vart avdekt. Ulstein Verft AS har eit dedikert prosjektteam i Polen som sørger for kontinuerleg oppfølging av skrogleverandør, bl.a. gjennom HMS-rundar minst ein gong per veke og regelmessige møter med skrogleverandør der mellom anna anstendige arbeidsforhold, forsvarleg verneutstyr, fare for fall, fare for fallande gjenstandar og brannfare er tema. I tillegg blir responsen frå skrogleverandørs industrivern jamleg vurdert. Resultatet av vurderingane blir oppsummert i eigne rapportar for oppfølging av skrogleverandør. Vi opplever at den tette oppfølginga av skrogleverandør har gitt utslag i betre etterleving og redusert risiko for negative konsekvensar.</p> <p>Frå 2023 til 2026 har vi også styrka samarbeidet vårt med Prewave, ein global plattform for leverandørkjedeintelligens, for å betre overvakinga og risikovurderingane av leverandørane våre. Dette inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjølvstendige vurderingar og due-diligence spørjeskjema for å sikre at leverandørane våre oppfyller standardane våre for menneskerettar og arbeidsforhold. • Gjennomgangar av hendingar for å raskt identifisere og respondere på vesentlege risikoar for negative konsekvensar knytt til grunnleggjande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i Ulstein Group si leverandørkjede. • Regelmessige oppdateringar og opplæring for leverandørane våre for å sikre kontinuerleg etterleving av våre etiske retningslinjer. • Analysar av den totale direkte leverandørkjeda, og delar av den mest risikoutsette delen av dei påfølgjande indirekte leverandørane. <p>I løpet av 2025 har konsernet gjennomført 240 tiltak for å redusere risikoen for negative konsekvensar og oppretthalde høge standardar i leverandørkjeda. Av disse er 70 fullført og 170 under arbeid. Dei fordelar seg med 111 utsendingar knytt til etterleving og godkjenning av våre retningslinjer for forretningspraksis, og 129 som etterspør detaljert selskapsinformasjon.</p> <p>Desse tiltaka er ein del av den kontinuerlege innsatsen vår for å sikre at Ulstein Group og våre leverandørar opererer i tråd med gjeldande standardar for etikk og samfunnsansvar.</p> <p>Alle direkteleverandørar i Ulstein Group må forplikte seg til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" der det mellom anna blir stilt klare krav til å sikre grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i våre leverandørkjeder. Vi ser til at prinsippa i dei etiske retningslinjene våre vert overhaldne gjennom bl.a. overvaking gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvaking.</p> <p>Nye direkteleverandørar er forplikta til å fylle ut dedikerte spørjeskjema med eigenvurdering av bl.a. retningslinjer og sertifiseringar. Dei fleste av Ulstein Group sine direkteleverandørar har fullført slike spørjeskjema og relevant informasjon om alle større direkteleverandørar er lagt inn i vårt digitale system for risikovurdering og overvaking, noko som resulterer i betre kartlegging framover.</p>
	Indirekte leverandører	<p>Når det gjeld vidare oppfølging av t.d. indikasjonar på tvangsarbeid og eksponering for helsefarlege stoff hos indirekte leverandørar, herunder i bl.a. Kina og USA, er våre mogelegheiter for reell påverknad rekna å vere små i lys av at Kina og USA utgjør ein liten del av Ulstein Group sitt totale innkjøpsvolum (høvesvis om lag 5% og <1%). Det vil difor ikkje bli prioritert å iverksette større tiltak med mindre det blir stadfesta at dette er direkte knytt til Ulstein Group si forretningsverksemd, produkt eller tenester.</p> <p>For forhold i den indirekte leverandørkjeda vil Ulstein Group si oppfølging i all hovudsak skje gjennom våre direkteleverandørar, då vår direkte påverknad er avgrensa, og prioriteringar av tiltak blir difor baserte på vår mogelegheit til å utøve reell påverknad.</p> <p>For å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos indirekte leverandørar, stiller Ulstein Group klare krav i kontraktar med sine direkteleverandørar om å sikre dette også i sine respektive leverandørkjeder. Gjennom overvaking av Ulstein Group si indirekte leverandørar gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvaking, får vi varsel om negative hendingar hos identifiserte indirekte leverandørar som blir formidla til og fylgt opp mot den ansvarlege direkteleverandøren.</p> <p>Implementering av konkrete risikoreduserande tiltak blir gjort i samarbeid med relevante direkteleverandørar. I samarbeid med skrogleverandør, er det iverksett tiltak for oppfølging av deira underleverandørar, bl.a. ved at vårt dedikerte prosjektteam i Polen gjennomfører HMS-rundar på verftsområdet ein gong per veke. Eventuelle funn eller avvik blir rapporterte inn for vidare oppfølging av vår direkteleverandør.</p>

Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

Signatur

Vi står ved vår plikt til å respektere internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og vi vil halde fram med å arbeide systematisk saman med våre tilsette, leverandørar og forretningspartnarar for å identifisere, forhindre og/eller avbøte faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein Group si verksemd som beskrive ovanfor.

Denne årlege rapporten er utgitt av og signert av styret og konsernsjef i Ulstein og er tilgjengeleg på Ulstein Group si nettside ([Transparency Act / Openheitslova - Ulstein](#)).

<p>Tore Ulstein Styreleiar</p> <p><i>Ulstein, Tore</i></p> <p>Digitalt signert av Ulstein, Tore Dato: 2026-06-18 22:11:38+02:00</p>	<p>Ingerid Ulstein Nestleiar i styret</p> <p><i>Ulstein, Ingerid</i></p> <p>Digitally signed by Ulstein, Ingerid Date: 2026-06-18 23:36:45+02:00</p>
<p>Olav Holst Dyrnes Styremedlem</p> <p><i>Holst-Dyrnes, Olav</i></p> <p>Digitally signed by Holst-Dyrnes, Olav Date: 2026-06-19 17:51:47+02:00</p>	<p>Maria Bos Styremedlem</p> <p><i>Bos, Maria</i></p> <p>Digitally signed by Bos, Maria Date: 2026-06-18 13:54:03+02:00</p>
<p>Ole Henrik Bjørge Styremedlem</p> <p><i>Bjørge, Ole Henrik</i></p> <p>Digitally signed by Bjørge, Ole Henrik Date: 2026-06-18 14:23:42+02:00</p>	<p>Gunvor Ulstein Konsernsjef</p> <p><i>Ulstein, Gunvor</i></p> <p>Digitally signed by Ulstein, Gunvor Date: 2026-06-22 17:03:00+02:00</p>